

# SANT302 Individuell prosjektutvikling

## Ikke fastlagt pensumlitteratur

### Mål og innhald

Dette emnet supplerer [SANT301](#) og består av seminar og individuell rettleiing der målet er individuell prosjektutvikling og å sikre at studenten utformar eit prosjekt som let seg gjennomføre basert på eitt semesters feltarbeid. Konkret vert dette arbeidet utvikla gjennom individuelle prosjekt-skildringar. Med utgangspunkt i presentasjonar av skisser til prosjektframstilling vert feltarbeidet drøfta i seminar. I seminaret vert det arbeidd med utvikling av problem-stellingar og forskingshypoteser i individuelle prosjekt. Med utgangspunkt i ulike antropologar sine presentasjonar av feltarbeidserfaringar vert praktiske og metodiske utfordringar ved feltarbeidet diskutert. Emnet gjev og ei orientering i personvern og i litteratursøking.

### Læringsutbyte

Etter å ha avslutta emnet skal studenten kunne:

- Forstå forskingsprosessen og korleis eit sjølvstendig forskingsprosjekt vert utvikla og forbetra.
- Formulere relevante problemstillingar som let seg forske på innanfor rama av eitt semesters feltarbeid.
- Henta inn relevant informasjon om eit eige definert tema og område, og på grunnlag av dette formulere nokre fruktbare forskings spørsmål.
- Vise relevant kunnskap innanfor eit etnografisk og tematisk område.